



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 15.03.2017

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 9:00 Hornindal kommune – bustadfelt på Hingarden og Løvland

Til stades: Stig Olav Lødemel, Ståle Hatlelid - Hornindal kommune, Ronny Haugen – grunneigar Hingarden, Alexander Hervåg - Hole maskin, Terje Systad – NVE, Gunn Tove Nyheim - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Knut Åland FK KA, Annlaug Kjelstad og Torbjørn Hasund – FK PSA. Haugen og Hervåg var der som tiltakshavar på Hingarden, dei gjekk frå når vi diskuterte Løvland.

Hingarden

Ståle Hatlelid, einingsleiar utvikling gjekk gjennom saka. Historikk om planlegging av bustadområde i nærleiken av Grodås. Hingarden, Haugen, Tyttebærhaugen, Hjellbakkane og Fannemel er satsingsområde for bustadbygging. Jf. også referat i planforum 28.05.2014.

Statens vegvesen hadde ikkje høve til å møte, men sakshandsamar Bjarte Sandal hadde til møtet sendt inn kommentarar på e-post:

«Det vert vist til at fv. 726 er i dårleg stand og det vert stilt spørsmål om SVV / fylkeskommunen har planar om å få gjort noko med vegen. Kommunen arbeider med eit VA-prosjekt og spør om det kan vere mogleg å gjere noko i fellesskap her?

Vi har gjort nokre interne søk/undersøkingar for å finne ut om det er planar om å gjere noko med fylkesvegen i dette området. Etter tilbakemeldingar og søk er svaret at det pr. i dag ikkje eksisterer planar om utbetring her. Vi har heller ikkje funne at det føreligg tilgjengelege midlar for delutbetringar pr. i dag. Det kan takast kontakt med Vegseksjon Fjordane v/Lars Erik Karlsen for å høyre om det kan finnast aktuelle midlar under drift og vedlikehald sine budsjett. Kontaktinfo: lars.karlsen@vegvesen.no, tlf: 57889930/95191827. Behov bør elles meldast inn i samband med RTP dersom dette ikkje er gjort.

Utforming av tilknytning/kryss med fylkesveg eller E39 må vere utført i samsvar med gjeldande normalkrav (N100). Det er elles viktig og svært bra at det vert fokusert på trygg skuleveg i planarbeidet i kommunen.»

Haugen – info om byggefeltet. Per i dag 40 mål med beite, solvendt. Nytt VA-anlegg kjem opp der no. Også mogleg å knyte seg på det eksisterande. Det er tidleg i planane, så dei signala ein får i planforum er viktig for om ein vel å jobbe vidare med dette. Også vassforsyning vert betre med det nye VA-anlegget. Sørvendt felt. Sjølv planane må arbeidast ein del med, ein bør vere sikker på at dette går igjennom før dei legg for mykje arbeid i planane.

Nyheim – ein plan her er ikkje i tråd med k-plan, og bør avklarast i arealdelen, der ein får betre overordna oversikt. Avstand frå skule og barnehage (Hingarden – skulen 2-2,5 km), jf samordna areal og transportplanlegging. Også om å prioritere arbeidet med arealdelen som er frå 2004.

Stigningsgrad på terrenget i det aktuelle området er 10% i snitt, i følge Hervåg frå Hole maskin.

Åland generelt om bygningar og landskap i området det må takast omsyn til. Og så må ein rekne med kulturminneregistreringar.

Systad. Hingarden utanfor 1000-årsgrense for skred. Verneskogen bør gjennom planarbeidet vernast, t.d. gjennom privatrettsleg avtale. Hatlelid ønskte gode eksempel på privatrettsleg avtale. Systad, ikkje mange gode eksempel, men ville sjå på korleis det kan gjerast og kome attende. Aardal viste til eit eksempel i Førde, som nyleg er regulert. Hatlid – Grodås Rifle Stocks vil utvide fabrikk, dei ligg over Hingarden, kanskje ein bør sjå på det i samanheng og sjå på moglegheiter.

Annlaug om privatrettsleg avtalar, som er ein god måte, men styrast som gjennom føresegner, men ta med det område i verneplan. Konkulsjonen er at det let seg løyse. Må annonserast ved oppstart, og vere ein del av planområdet. Systad - må finne kva areal som har effekt å verne i høve å skjermje mot ras.

Aardal – arealet midt inne i landbruksområde som framstår som godt landbruksområde, uheldig å starte opp eit slikt storstilt bustadområde midt inne i eit landbruksområde, ikkje gunstig, i staden satse på dei areala som ligg nærmare Godås sentrum. Om det er viktig for området kan det leggest ut færre område, og det er også slik at det i området er lagt ut LNF spreidd i gjeldande kommuneplan. Viste også til at det er ein gammal KPL. Primært at ein satsar på sentrum og held landbruksområda fri for bustadbygging. Vil kunne vurdere motsegn. Men viktig å få fram lokalkunnskap og detaljar. Viktig å tenke langsiktig perspektiv. Ei slik utbygging høyrer heime i overordna plan.

Haugen - dyrka marka på garden ligg sør for utbyggingsområde. Det er tenkt at den gamle driftsvegen vert sanert, ved bygging vert behovet for denne vegen avløyst av tilkomstveg til feltet. Elles er arealet tenkt til utbygging lite brukt til beite i dag.

Kjelstad – at planane er i strid med arealdelen er ei hovudutfordring for å få til dette. Nyheim, må sjå på eit behov for bustader, bør vite det før ein opnar slike areal. Kommunedelplan for det området ein ser på oversiktskartet – er det aktuelt? Om dei bestemmer seg for å bygge, i strid med plan, må dei lage planprogram og det vil vere krav om KU. Vi kan i tilfelle kome med gode eksempel. Ein god del krav som vil slå inn i høve KU, og det vil medføre kostnader.

Lødemel – poenget med møtet er at grunneigar skal få signal om dette vert vanskeleg eller ikkje. Det er viktig at grunneigar slepp å gå vidare med noko som viser seg seinare å verte vanskeleg.

Kjelstad – planområdet ligg i ytterkant i høve samordna areal og transportplanlegging, men samstundes lagt godt til rette med gang og sykkelveg, vatn og avløp etc. Og er det gjort vurderingar, om det vert større utbygging her, eige behov for barnehage i området? Hatlelid, ligg barnehage her i dag.

Åland - potensialet for kulturminnekan vere stort. Registreringa vil avklare kor stort potensialet er. Veldig lite vi kan sei no om automatisk freda kulturminne før desse registreringane ligg føre.

Haugen – ønskjer klare signal. Redd for å setje i gong ein dyr og tidkrevjande prosess.

Hervåg – er konklusjonen det at det må det med i KPL? Årdal – vil ein ta det opp no i utanfor overordna plan, då vil vi sterkt vurdere motsegn. Opne opp 20 tomter der på direkten er dei kritiske til. Haugen – Slik ein har tenkt det vil det gje betre drift for det dyrka arealet med ei slik utbygging, og det vil bli til det betre, også for landbruk. Årdal - kan godt vere at det er slik, men nettopp derfor treng vi ein overordna plan.

Kjelstad - ved nedskalering, vil då ei utbygging ikkje verte kostnadsberande? Haugen – mindre spelerom for gode løysingar og dyrare tomter. Litt redd for at det vert vanskeleg og at ein ikkje får til så gode løysingar som ein ønskjer.

Lødemel – ikkje overraskande attendemeldingar. Men politisk er det ønskjeleg med bustadbygging her. Mange ser på dette området som gunstig, med gode soltilhøve heile året, og som eit alternativ til sentrum og med ein anna type bustader og måte å bu på.

Kjelstad – vi kan ta ein god dialog med kommunen om strategiar for bustadbygging, berre å ta kontakt.

Løvland

Hatlelid informerte om arbeidet.

Nyheim – vi står fast på kravet om planprogram, at det skal vere på plass ved varsel om oppstart. Det skal vere KU, kommunen har og konkludert med det, og då meiner vi det er krav om planprogram. Ho viste til §5 i KU-forskrifta, planprogram gjeld ikkje for planar etter §3 c), men dei har konkludert med at det er §3 d). Men vi kjem ikkje til å fremje motsegn om dei går vidare utan plan, men det kan vise seg at det ligg føre ein sakshandsamingsfeil. Ho viste og til forvaltningslova. Saknar elles ein del opplysningar om andre tema enn kultur og miljø, det må i tilfelle takast med i planomtalen.

Hatlelid. Sjølv om ikkje vi fyl det formelle er det gjort ein del vurderingar i kommunestyret som omfamnar dette. Ut frå det som FM seier må dei på ny ta det opp til drøfting. Kva er det som kan avklarast i planprogram som ikkje er avklara?

Nyheim - kjem ikkje til å følgje det opp vidare, men ta dette som erfaring i seinare planar, og at det kan vert oppfatta som sakshandsamingsfeil, ved ei klage. Men det må vere med ei vurdering i planomtalen om kvifor det berre er kulturminne som skal konsekvensvurderast.

Årdal – ikkje kommentarar utover at dette er eit betre område i landbrukssamanheng enn Hingarden.

Åland – om steingard og uteløe. Dette bør takast med i planen og få stå som landskapselement. Uteløa kan gjerne få ein ny bruk. Bruk i tilfelle omsynssone. Krav om arkeologisk registrering er det meldt ifrå om tidlegare. Hatlelid - uteløda ligg utanfor planområdet. Diskusjon om det er snakk om K4 (utanfor) eller K2 (innanfor – men i dårleg stand).

Systad om ei høgspenlinje som ligg innanfor planområdet. Hatlelid - denne vert lagt i jord når arbeidet med opparbeiding vert gjort. Systad - må visast som ei omsynssone og koplast til rekkjefølgje. Ikkje anna merknader frå NVE, arealet ligg utanfor skredfare.

Nyheim- leikeareal. Viktig at planane har nok leikeareal og korte avstandar og sentralt plassert leikeareal for dei minste borna. Går ut frå at kommunen gjer ei vurdering av dette i planomtalen. Også omsyn til universell utforming

Kjelstad –støtter fylkesmannen i det som vert sagt om at her skulle det ha vore planprogram, og det har dei konsekvensane som Nyheim seier. Potensiell sakshandsamingsfeil ligg føre. Ein kjem inn på tryggare grunn ved å grunngje det som er gjort, og å ta inn grundigare dei fagområda som er nemnt; landskap, barn og ungdom, ureining og folkehelse. Kommunen må vurdere korleis dei kan gjere det for å få ein betre plan. FK kan hjelpe til med råd.

Hatlelid – vi kjem til å leggje vekt på ei fyldig og god planomtale for å få inn dette. Har forståing for dette.

Årdal om ein skogsveg. Hatlelid - denne vegen vert oppretthalden gjennom infrastrukturen det vert lagt opp til i planen, men ein anna vert sanert.

Statens vegvesen ved Bjarne Sandal i e-post: Utforming av tilknytning/kryss med fylkesveg eller E39 må vere utført i samsvar med gjeldande normalkrav (N100). Det er elles viktig og svært bra at det vert fokusert på trygg skuleveg i planarbeidet i kommunen.